

Høyringsuttale frå Opplæringskontoret Brimi-Kjøken ang ny skule- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring.

Innlandet fylkeskommunen skal utøve politikk og byggje samfunnet i fylket i tråd med politiske vedtak og visjonar. Da må vi ha eit vidaregåande tilbod i alle delar av fylket som sikrar at ungdommane våre kan ta ei vidaregåande utdanning der dei bur, eller i rimeleg reiseavstand.

I det ganske land slit restaurant-og reiselivsnæringa med å rekruttere faglærte. Innlandet som reiselivsfylke treng meir enn nokon gong at det blir lagt til rette for vg1 restaurant-og matfag og salg, service og reiseliv lokalt, dvs i Østerdalen, Nord-Gudbrandsdalen og Valdres. Ved å sentralisere desse utdanningane, fryktar vi at det blir enda større fråfall av søkjarar. Riktig kompetanse og påfyll av kompetanse er avgjerande for utvikling av reiselivsbedriftene i Innlandet. Tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring bør i størst mogleg grad spegle behovet for kompetanse i arbeids-og næringslivet, så vi heiar sjølv sagt på at desse linjene må oppretthaldast for at vi skal klare å rekruttere framtidens lærlingar og fagarbeidarar.

Innlandet fylke har mange gode tankar i regional plan for det inkluderande Innlandet, samt i Distriktsmeldinga. Det er viktig at skulestruktursaka blir sett opp mot desse planane.

Regional plan for det inkluderande Innlandet har ei uttrykt målsetting om at fylket i 2030 skal ha "relevant og tilgjengelig utdanningstilbud som fremmer inkludering og livslang læring for alle". Det heiter vidare at "utdanningstilbud og tilgang til gode og inkluderende utdanningsløp er en forutsetning for god gjennomføring av videregående skole og studier. Det vil redusere ulikheter knyttet til grunnleggende sosiale forhold som utdanning og økonomi".

Ved å leggje til rette for vg1 lokalt, vil inkludering for alle vera enklare, og grunnleggjande sosiale forhold som økonomi blir ikkje avgjerande for utdanningsval.

I innspel til ny Innlandsstrategi er det eit avsnitt som blir kalla – Distriktsmeldinga.

Distriktsmeldinga – Et godt liv i hele Norge – distriktpolitikk for framtida.

«Små forskjeller og høy tillit mellom folk er suksessfaktorer for den norske nasjonalstaten. Like muligheter samme hvor en bor, er en forutsetning for å ta vare på tilliten, trygghet og samhold i landet vårt. For å gi folk like muligheter til utvikling over hele landet trengs en aktiv distriktpolitikk.»

Viser også til St.meld. nr. 27 (2022-2023)

Regjeringa har som mål for distrikts- og regionalpolitikken at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur. Regjeringa vil leggje til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar.

Nok ein gong. Ved å leggje til rette for vg1 lokalt, vil det gje levande og berekraftige lokalsamfunn ved at du får utdanning på heimebane, det er trygt for ein 16-åring å bu heime,

du kan vera aktiv i frivillig arbeid og organisasjonsliv, det gjev arbeidskraft og rom for lokal verdiskaping.

Opplæringskontoret Brimi-Kjøken og regionen har svært god tilgang på læreplassar og jobbar innan kokk, baker og reiseliv. For å styrke tilgangen på elevar til bransjen, meiner vi det er viktig at de tek innhaldet i Distriktsmeldinga og Plan for det inkluderande Innland på alvor, og gjev tilbod om Vg1 restaurant-og matfag og salg, service og reiseliv lokalt, så får vi heller vera fleksible med tanken på korleis Vg2 skal organiserast.

OBK driv aktivt med rekrutteringsarbeid innan kokke, baker og reiselivsfaget, og ønsker gjerne å vera meir aktive inn i opplæringsarenaene til dei vidaregåande skulane i dei tre dalføra.

OBK er opptekne av lokal ressursbruk og kortreist mat som ein viktig del av lokal kulturformidling. Innlandet er kort og godt midt i Norges matfat, og produserer 30% av det som kjem frå jordbruket, så det er naturleg at vi skal utdanne kokkar, bakarar og reiselivsmedarbeidarar. Vi treng å bygge ei merkevare som kan samle miljø slik at vi kan få nødvendig entusiasme for utdanningane.

OBK har vist at det går an å både rekruttere og få ungdommar til å fullføre og satse innan næringar som er svært viktige for både sysselsetting og profilering av Innlandet, men vi er prisgjevne at fylkeskommunen stiller lokale skuleplassar til disposisjon for dei ungdommar som ønsker utdanning innan restaurant-og matfag og salg, service og reiseliv.

Linker:

<https://innlandetfylke.no/tjenester/plan-statistikk-og-folkehelse/regionale-planer-og-strategier/regional-plan-for-det-inkluderende-innlandet/>

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringa-med-distriktsmelding-folketalet-skal-auke-i-norske-distrikt/id2985969/>